



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 18.11.2015  
Vår ref.: 2014/17340-36  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.: «REF»

## Kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

Som ein del av Friluftslivets år 2015 oppmoda Klima- og miljødepartementet, i brev av 6. november 2014, alle ordførarar til å kåre kommunen sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2.2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland.

For å kåre ein vinner har fagjuryen har valt å setje fokus på korleis friluftsområda er tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet. I regional kulturplan 2015-25 er ungdom eit gjennomgåande fokusområde, og det er såleis viktig å løfte fram gode døme på tilrettelegging for aktivitetar for denne målgruppa. Kulturplanen seier m.a. at grunnlaget for gode friluftsvanar vert skapt i ung alder. Gjennom aktiv deltaking i friluftsliv, kan ein få eit engasjement for å ta vare på natur og miljø og ei forståing for felles natur- og kulturverdiar. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen. Ein ser eit stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane. Såleis er det særleg viktig å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom. Ved å involvere ungdom, kan friluftsanlegg for eit variert og attraktivt aktivitetstilbod utviklast. Nærturar i kvardagen stimulerer til utøving av friluftsliv i skogen, i fjellområde og ved kysten. Areal for fysisk aktivitet for ungdom kan liggje lengre frå bustad, men føreset at anlegga gir varierte og attraktive utfordringar og fungerer som gode sosiale møteplassar

To friluftsområder merkar seg ut p.g.a. særleg fokus på tilrettelegging og utvikling av aktivitet for ungdom. Begge områda viser i tillegg stor evne til samarbeid med ulike aktørar/ målgrupper og legg tilrette for ei brei brukargruppe. Det er område som speglar kreativitet og engasjement.

**Herdla fort på Askøy** er i stadig utvikling med unike aktivitetsanlegg i storslått natur. Det er attraktivt på eit breitt spekter og har tilbod til alle målgrupper, men med eit stort fokus på spennande, nye anlegg for litt meir ungdommeleg utfordringar.

**Austrheim** har ei solid satsing på ungdom og kommunen har m.a. nyleg opna ungdommens hus. Område på **VarDETangen og Årvika** er i nærleiken til barnehage og barne- og ungdomsskule. Område byr på eit mangfald av aktivitetsmoglegheiter, i tillegg er det planar om endå fleire. Her er det også stadig utvikling og fornying. Det er eit allsidig tilbod, med medverknad frå dei ulike målgruppene.

### Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.11.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### Vedtak

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling innstiller til å dele utmerkinga som Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde mellom to kommunar som kvar får kr 15.000,-*

**Askøy kommune Herdla fort**

**Austrheim kommune VarDETangen og Årvika friluftsområde**

Den offisielle kåringa vil bli markert på Fylkestinget 9. desember kl. 12.00 på Grand Hotel Terminus, Bergen.

De er inviterte til frukt og rundstykker i forkant av tildelinga fra kl. 11.30. Det er fint om de møter seinast kl. 11.45. Vi vil gjerne vite kven som vil representere kommunen og dei utkåra friluftsområda. Send dette gjerne på epost til [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no) innan 7. desember.

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*